

Utdanningsutvalet ved  
Universitetet i Stavanger  
(UU)

# Årsrapport 2016

# 1. Om rapporten

## Føremål med rapporten

Utvalet sin årsrapport vert oversendt til styret og har som føremål å formidla:

- sentrale trekk i utdanningsutvalet sitt arbeid med utdanningskvalitet og utdanningsstrategi<sup>1</sup> i 2016,
- dei vurderingane på eit overordna nivå som utvalet gjer seg vedkomande arbeid med utdanningskvalitet,
- kva overordna prioriteringar og tiltak knytt til utdanningskvalitet og utdanningsstrategi utvalet har fastsett for 2017 og vidare framover<sup>2</sup>.

Rapporteringa går inn i universitetet sin planleggings-, budsjetterings- og rapporteringsprosess (PVO-prosessen)<sup>3</sup>.

## Innhald i rapporten

Årsrapporten rapporterar arbeid og resultat av arbeidet med utdanningskvalitet på institusjonsnivå, med utgangspunkt i det mandatet styret har gitt om utdanningskvalitet.

Årsrapporten omfattar fylgjande kapittel og vedlegg:

- Kapittel 1: Om rapporten.
- Kapittel 2: Utvalet sitt arbeidsområde, arbeidsform, samansetjing og funksjonsperiode.
- Kapittel 3: Prioriterte arbeidsområde for arbeid med utdanningskvalitet i 2016 med eit oversyn over arbeid som utvalet har utført på det enkelte planpunktet i 2016.
- Kapittel 4: Utdanningsutvalet si vurdering av resultatata som er oppnådde i 2016 og trong for vidareføring i 2017.

Årsrapporten har fylgjande vedlegg:

- Vedlegg 1: Mandat for utdanningsutvalet.

---

<sup>1</sup> Jmf mandatet til utvalet.

<sup>2</sup> Jmf Studietilsynsforskriften og mandatet til utvalet.

<sup>3</sup> Jmf [UiS Økonomi håndbok > Plan-, budsjett- og virksomhetsoppfølging > Plan-, budsjett og virksomhetsoppfølging](#)

## 2. Utvalet

Kapittel 2 gir eit kort oversyn over arbeidsområde og samansetjing for utdanningsutvalet i kalenderåret 2015.

### 2.1 Utvalet sitt arbeidsområde

Utdanningsutvalet er oppretta av styret for å utvikla Universitetet i Stavanger som utdanningsinstitusjon og verka som rådgjevande organ for styret i utdanningsstrategiske spørsmål. Til dette høyrer også utvikling av studieporteføljen.

Utvalet sitt mandat og eigen plan for perioden gir rammene for arbeidet.

Både utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet har arbeid med kvalitet i studia integrert i mandata sine. Utdanningsutvalet sitt arbeid med kvalitet rettar seg hovudsakleg mot innhaldet i studia, medan læringsmiljøutvalet sitt arbeid med kvalitet i hovudsak rettar seg mot omgjevnadene til studia. Det ligg til utdanningsutvalet å akkreditere og reakkreditere studia medan kvalitets- og læringsmiljøutvalet er tillagt å gjennomføra ei systematisk oppfølging av læringsmiljøet.

### 2.2 Samansetjing

Rektor oppnemner medlemmer og varamedlemmer til utdanningsutvalet, som har fylgjande sammensetjing:

Prorektor (leiar)  
3 prodekanar for undervising  
2 representantar for det vitenskaplege personalet  
1 representant for det studieadministrative personalet  
4 studentrepresentantar  
1 ekstern representant

Leiar for UiS EVU og representant for universitetsbiblioteket møter med talerett.

Alle medlemmene, bortsett frå studentrepresentantane har personlege varamedlemmer.

Utvalet hatt fylgjande medlemmer i 2016:

Magne Bartlett (studentrepresentant, vår)  
Sindre Bjørheim (studentrepresentant, vår)  
Jonas Bjørheim (studentrepresentant, haust)  
Eric Christian Brun (prodekan, haust)  
Håkon Hauken (studentrepresentant haust)  
Sigbjørn Hervik (prodekan, vår)  
Dag Husebø (prorektor og leiar)  
Lene Katrine Hoff (studieadministrativ representant)  
Eva Hærem (prodekan, vår)  
Anine Klepp (studentrepresentant, vår)  
Ketil Knutsen (vitenskapleg representant)  
Jorunn Melberg (prodekan)  
Marit Aamodt Nielsen (ekstern representant)

Bjørg Frøysland Oftedal (prodekan, haust)  
Jon Tømmerås Selvik (vitskapleg representant)  
Jørgen Sjøberg (studentrepresentant)  
Stine Trulsen (studentrepresentant haust)  
Gitte Kolstrup (universitetsbiblioteket)  
Elisabeth Faret (UiS EVU)

Gjennom 2015 har utdanningsutvalet helde fire møte (to i vårsemesteret og to i haustsemesteret) og eitt fellesseminar med læringsmiljøutvalet, etter ein møteplan som har vore koordinert med LU sin møteplan og styret sin møteplan.

Arbeidet i utvalet vert utført i og mellom møta av utvalet sine medlemmer og sekretariat.

## 2.3 Utvalet sin funksjonsperiode

Utvalet sin funksjonsperiode følgjer rektorvalet. På grunn av dei pågåande fusjonssamtalane med Høgskulen i Stord og Haugesund våren 2015, vart funksjonstida til rektor og styre, og dermed også til utdanningsutvalet, forlenga til 31. desember 2015. Det nye utvalet begynte funksjonstida si 1. januar 2016.

## 3. Prioriterte arbeidsområde for arbeid med utdanningskvalitet i 2016

Utdanningsutvalet sin plan for arbeid med utdanningskvalitet i 2016 vart vedteken i utvalet sitt møte 11. november 2015 og er organisert under desse hovudområda: 1) arbeidet med studiekvaliteten, 2) kommunikasjon med andre utval, einingar, tilsette og studentar, 3) utvalet som rådgjevande organ i strategisaker og 4) opplæring av nye medlemmer.

Den fylgjande rapporten er sett opp med utgangspunkt i hovudområda. For kvart hovudområde følgjer utvalet si rapportering under kvart underpunkt.

### 1) Arbeidet med studiekvaliteten

Tiltak:

- Revidera og utvikla retningslinjer for emne- og studieprogramarbeid, inkludert tilsyn med studier.

«Utdanningsdirektøren oppnemnde i januar ei arbeidsgruppe som hadde fylgjande mandat:

Arbeidsgruppa skal gjennomgå gjeldande retningslinjer for emne- og studieprogramarbeid ved Universitetet i Stavanger og føreslå revidering og utvikling av desse med omsyn til

- tilsyn av studier
- revidering av akkreditering
- avvikling av studier

Arbeidsgruppa skal også

- greia ut kva som inngår i studia sitt innhald, omfang, relevans og nivå
- føreslå rolle- og ansvarsdeling i tilsynsarbeidet

Arbeidsgruppa leverer rapport med forslag til utdanningsdirektøren innan 29. april, for framlegg i utvalet sitt møte 25. mai.»

NOKUT hadde varsla at forslag til revidert *Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgere utdanning* skulle koma på høyring i løpet av våren. Då denne ikkje kom før i september, kunne ikkje arbeidsgruppa levera innan fristen som var sett i mandatet. Gruppa gjorde likevel eit viktig grunnlagsarbeid.

Forskrifta kom på høyring i september med svarfrist 9. desember. Utdanningsdirektøren ga gruppa nytt mandat og denne tok opp igjen arbeidet med revisjon av retningslinene i november.

- Vidareutvikling av kvalitet i studieprogram.

Utvalet sitt arbeidet med vidareutvikling av kvalitet i studieprogram er i hovudsak knytt til utvikling og fastsetjing av retningsliner og standardar for kvalitet (sjå ovanfor).

Utvalet handsama i 2016 fleire andre saker som vedrører studiekvalitet:

- Revisjon av eksamensforskrifta og anna regelverk for gjennomføring av eksamen.
- Revisjon av kvalitetssystemet
- Innspel til stortingsmelding om kvalitet
- Høyringssvar om forslag til ny studietilsynsforskrift

- Gje råd og veiledning i institusjonen om studier og studieportefølje.

Utvalet handsama i 2016 søknader om akkreditering av seks masterprogram:

- Nordic Master in Social Work and Welfare
- Internasjonal master i miljø, energi og samfunn/International Master in Energy, Environment and Society
- Master i rus og psykisk helsearbeid, Master in Substance Use and Mental Health Work
- Masterutdanning i helsesøsterfag, Master in Public Health Nursing
- Femårig master i grunnskulelærerutdanning trinn 1 - 7
- Femårig master i grunnskulelærerutdanning trinn 5 - 10

Utvalet hadde serleg fokus på internasjonalisering i desse sakene, i tillegg til dei generelle kvalitetskrava som gjeld for akkreditering.

Sak om studieportefølje stod på saklista i septembermøtet. Utvalet ga råd til styret om opptak og dimensjonering av studier for 2017 - 2018.

## 2) Kommunikasjon med andre utval, einingar, tilsette og studentar

Tiltak:

- Vidareutvikla og styrkja samarbeidet mellom dei sentrale utvala (utdanningsutvalet, læringsmiljøutvalet og forskingsutvalet).

Læringsmiljøutvalet og utdanningsutvalet fortsette også i 2016 samarbeidet i saksførebuing og sakshandsaming. Møta har vorte heldne påfylgjande dagar.

Samarbeidet har vore konsentrert om læringsmiljøutvalet og utdanningsutvalet, då det er desse utvala som fyrst og framst arbeidar med utdanningane. Det har ikkje vore saker knytt til forskingsutdanningane i 2016, og såleis har det heller ikkje vore eit nært samarbeid med forskingsutvalet.

- Vidareutvikling av arbeidsformer og digital saksflyt.

Sakshandsaminga har også i 2016 gått i retning av meir digitalisering, serleg med forenkling av utsending og publisering av sakene via ansatt.uis.no. Ennå står ein del igjen for å nå full digitalisering når det gjeld saksflyt fram mot handsaming utvalet.

- Vidareføra og vidareutvikla fellesseminar for dei to utvala.

Fellesseminaret for dei to utvala vart arrangert 14. september. Tema var ulike perspektiv på utdanningskvalitet, sett frå student, lærar og institusjonsleiar sine ståstader.

Fellesseminaret har vorte arrangert fleire år, og synest å ha funne ei form som fungerer godt som fellesarena for dei to utvala.

- Vidareutvikla informasjon og kommunikasjon på nett vedkomande utvalet.

Nettsida for utvalet på ansatt.uis.no har vorte endra med sikte på å gjera det enklare å finna saker og informasjon om utvalet. Tilgang til sakene på student.uis.no er ikkje på plass.

- Utarbeida ein «forretningsorden» for utvalsarbeidet.

Utvalet vedtok utvalsreglement i fyrste møtet i 2016. Reglementet gjev reglar for saksførebuing, innkalling, møteorden, møteleiing m.m.

### 3) Utvalet som rådgjevande organ i strategisaker

Tiltak:

- Vidareutvikla UU som strategisk aktør og rådgjevande organ.

I det arbeidet som er sett i gong med revisjon og utvikling av retningslinjer for studieprogramarbeid, ligg det eit forslag om at utvalet som rådgjevande organ i strategisaker vil verta tydlegare. Dei faglege vurderingane i etablering av nye studier og i gjennomgang av studieporteføljen skal liggja hjå fagmiljøa og vil vera fakultetet sitt ansvar. Utdanningsutvalet skal vurdere kvaliteten i arbeidsprosessane og vurdere studia opp mot institusjonen sin strategi, trong for studiet og økonomiske konsekvensar, og gje råd om dette til styret.

### 4) Opplæring av nye medlemmer

Tiltak:

- Vidareutvikla og gjennomføra opplæringstilbod for nye medlemmer i utvala.

Kurs for nye medlemmer i utvalet vart gjennomført for andre gong, same dag som fellesseminaret 14. september. Kurset hadde vorte vidareutvikla basert på erfaringar og tilbakemeldingar i 2015. Tema som vart tekne opp var m.a. rollene til utvala, studentane si rolle i utvala og mandata til utvala. I tillegg var der ein del der medlemene fekk gjera seg kjende med aktuelle saker og høve til å diskutera korleis ein ville nærma seg slike saker som utvalsmedlem.

## 4. Utdanningsutvalet si vurdering av resultata som er oppnådde i 2016 og trong for vidareføring i 2017

Det fyrste hovudområdet: Arbeidet med studiekvaliteten, er eit grunnleggjande og stadig pågåande ansvar for utdanningsutvalet. Tiltaket om revisjon og utvikling av retningsliner for utvikling, etablering og tilsyn med studier vart sett i gong i 2016, og vil verta vidareført i 2017. Utvalet vil også i 2017 handsama saker om utvikling av studieporteføljen, inkludert akkreditering av studier. I desse sakene kan utvalet sikra at kvalitetskrava som er sette vert konkretiserte inn i det enkelte studiet. Nye retningsliner skal gje gjera det tydelegare korleis utvalet kan oppfylle mandatet sitt på dette området.

Det andre hovudområdet: Kommunikasjon med andre utval, einingar, tilsette og studentar er oppfylt på fleire av tiltakspunkta. Samarbeidet med læringsmiljøutvalet fungerer godt, fellesseminaret har funne ei god form og tek opp relevante saker og problemstillingar. I 2017 må digital saksflyt og kommunikasjon vidareutviklast. Dette handlar også om tilrettelegging av verktøy for auka digitalisering. Utvalet sine nettsider må publiserast på student.uis.no.

Det vil verta arrangert to fellesseminar for utvala i 2017: eitt 15. februar og eitt september.

Det tredje hovudområdet: Utvalet som rådgjevande organ i strategisaker er i stor grad oppfylt gjennom at utvaket gir råd til styret i utvikling av studieportefølje. Utvalet har også gitt innspel til høyringar i saker som vedkjem utdanningskvalitet. Det bør vurderast korleis utvalet kan styrkja og vidareutvikla denne delen av mandatet sitt.

Det fjerde hovudområdet: Opplæring av nye medlemmer har i stor grad vorte oppfylt i 2016. Dette vil verta vidareført i 2017, då det kvart år kjem nye studentrepresentantar inn i utvalet i tillegg til at samansetjinga elles også kan verta i løpet av funksjonstida til utvalet. Utdanningsdirektøren vil vurdere om og korleis opplæringstilbodet kan verta endå betre.

# Plan for utvalet sitt arbeid i 2017

## Arbeid med studiekvaliteten

Studiekvaliteten er eit sentralt arbeidsområde for utdanningsutvalet. Med revidert forskrift for kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (studiekvalitetsforskrifta) og ny forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgare utdanning (studietilsynsforskrifta) vil utvalet ha eit serleg fokus på studie- og utdanningskvalitet i 2017.

### Tiltak:

- Vidareutvikling av kvalitetssystemet ved UiS.
- Revisjon av UiS sine retningsliner for studieprogramarbeid og utarbeiding av retningsliner for evaluering/tilsyn med studier.
- Starta tilsyn med eksisterande studier.

## Kommunikasjon med andre utval, einingar, tilsette og studentar

Kommunikasjon med institusjonen, og serleg med fakulteta og med læringsmiljøutvalet, er eit område som også må vidareutviklast.

### Tiltak:

- Vidareutvikling av digitalisering av arbeidsprosessar.

## Utvalet som rådgjevande organ i strategisaker

Utvalet skal i fylgje mandatet verka som rådgjevande organ for styret i utdanningsstrategiske spørsmål.

### Tiltak:

- Vurdera korleis utvalet kan vidareutviklast som rådgjevande organ for institusjonen for øvrig.

## Opplæring av nye medlemmer

### Tiltak:

- Vidareutvikling og gjennomføring av kurs for nye medlemmer i utvalet.



## **Mandat og sammensetning for utdanningsutvalget (UU) ved UiS**

Fastsatt av styret 3. desember 2015

Utdanningsutvalget er opprettet av styret for å utvikle Universitetet i Stavanger som utdanningsinstitusjon. Utvalget skal virke som rådgivende organ for styret i utdanningsstrategiske spørsmål, herunder utvikling av studieporteføljen. Utvalget skal bidra til at de krav NOKUT stiller til universitetet som selvakkrediterende institusjon oppfylles. Utdanningsutvalget koordinerer sitt arbeid med læringsmiljøutvalget. Universitetsdirektøren sørger for nødvendig sekretærhjelp til utvalget. Styret kan tillegge utvalget andre oppgaver.

Utvalget utarbeider årlige planer for eget arbeid, og avgir årsrapport til styret om arbeidet utvalget har utført og de resultater arbeidet har gitt.

Utdanningsutvalget skal

### **I. Utvikling av studiene og studieporteføljen**

- 1) Kunne ta initiativ til, og koordinere, strategisk utviklingsarbeid innenfor utdanningsvirksomheten ved universitetet.
- 2) Gi råd til styret i forskriftssaker.
- 3) Gi råd til styret i etableringssaker og andre saker som angår studieporteføljen basert på vurderinger av universitetets strategi, ressursituasjon og totale studieportefølje.
- 4) Være orientert om utviklingen i nasjonal og internasjonal utdanningsstrategi og -politikk, herunder Bologna-prosessen, og på grunnlag av dette kunne gi råd om universitetets oppfølging.

### **II. Utforming og gjennomføring av studiene**

- 1) Fastsette retningslinjer for akkreditering av og tilsyn med institusjonens studier i tråd med gjeldende lover, forskrifter og universitetets strategi.
- 2) Akkreditere studier og sikre at disse oppfyller kravene i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring og standarder og kriterier gitt av NOKUT og universitetet.
- 3) Føre tilsyn med universitetets eksisterende studietilbud, og forestå revidering av akkreditering.
- 4) Fremme forslag om avvikling av studier dersom disse ikke holder tilfredsstillende kvalitet.
- 5) Fastsette andre felles regler og retningslinjer for institusjonens utdanningsvirksomhet.
- 6) Fastsette undervisningsterminer.
- 7) Fastsette unntak for emnestørrelse.